



**Statens vegvesen**

Hordaland Fylkeskommune  
25 SEPT 2015

Alf Holme  
Granlien 2  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2015/109082-006

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.09.2015

## **Bilparkering i Eidsvåg ved oppkjørsel til Eidsvåg skole - Bergen kommune**

Vi viser til din e-post av 10.09.15 som svar på vårt brev av 08.09.15 med omsyn til ynskje om etablering av parkeringsplassar langs nordaustsida av fylkesveg 267 Eidsvågveien nær krysset mellom fylkesvegen og den kommunale vegen Granlien.

Den 11.09.15 fekk vi e-post frå Jørgen CM Urdahl på vegne av A/S Eidsvåg Fabrikker der han hevder at det er Eidsvåg Fabrikker som eig arealet mellom fylkesvegen og friområdet som Bergen og omlands friluftsråd eig. Vi har registrert at det er usemje mellom Eidsvåg fabrikker og Statens vegvesen om dette forholdet og på andre områder i Eidsvåg. Dette er eit forhold som det vert arbeidd vidare med for å få ei endeleg avklaring.

Etter Statens vegvesen sitt syn er det tvillaust at Statens vegvesen/Hordaland fylkeskommune har råderett over arealet tilhøyrande gnr. 216, bnr. 1250 då dette er vegkroppen til fylkesveg 267 Eidsvågveien. Etter veglova § 50 skal vegeigar (Statens vegvesen/Hordaland fylkeskommune) eige/disponere areal i tilknyting til fylkesveg som omfattar vegen og minimum 3,0 meter frå vegkant eller topp skjering/botn fylling +1,0 meter. Etter det vi kan sjå er grensa mot friluftsområdet sett i samsvar med desse krava i veglova då det på nordaustsida av fylkesvegen er ei fylling som gjer at vegarealet går til botnen av fyllinga. Det at det er tvist om oppmåling og evt. oppgjer for dette arealet endrar ikkje dette forholdet.

Forholdet som Jørgen CM Urdahl refererer til om, at det ved frådeling av tomter vert sett ei tomtegrense 1,0 meter frå asfaltkanten, er nok eit forhold som Bergen kommune brukar, men i forhold til Statens vegvesen er det veglova sine krav som gjeld.

Når det gjeld Dykkar ynskje om etablering av parkeringsplassar på nordaustsida av fylkesvegen viser vi til vårt brev av 08.09.15 der vi klart rår frå etablering av parkeringsplassar i dette området med bakgrunn i vurderingar av trafikktryggleik. Etablering av parkeringsplassar her vi krevje opparbeiding av ordinær avkjøring til fylkesvegen utforma i samsvar med tekniske krav i handbok N100 Veg- og gateutforming frå Vegdirektoratet. Dette vil krevje areal som omfattar areal eigd av Bergen omlands friluftsråd.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

I tillegg er det ikkje mogeleg å opparbeide parkeringsareal utan å kome i konflikt med arealet til Bergen og omlands friluftsråd. Dersom dette skal kunne realiserast må dette avklarast med Bergen kommune gjennom ei endring av gjeldande kommuneplan eller ein dispensasjon frå den same planen. Dette er forhold som må avklarast med Etat for plan og geodata i Bergen kommune.

Statens vegvesen vil på nytt rá frå at det vert gått vidare med dette framleggget til løysing av parkeringsproblema langs Eidsvågveien.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: **Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen**  
**A/S Eidsvåg Fabrikker, v/ Jørgen CM Urdahl, Eidsvågbakken 1, 5105 Eidsvåg**